

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 15.10.2021  
**SAKSHANDSAMAR:** Helga Stautland Onarheim  
**SAKA GJELD:** **Evaluering av ferieavviklinga**

**STYRESAK:** 76/21

**STYREMØTE:** 28.10.21

0 vedlegg

---

**FORSLAG TIL VEDTAK**

### **Bakgrunn for saka**

Helse Fonna evaluerer årleg planlegginga og gjennomføringa av ferieavviklinga. Klinikkar og einingar har gjennom året stor merksemd på tiltak/forbetringsområde som kan gi ei betre ferieavvikling.

Fonna si overordna målsetjing er å ha tilstrekkeleg kvalifisert personell for å oppretthalde god kvalitet og pasienttryggleik i behandling og pleie ved ferieavvikling. I samarbeid med dei tillitsvalde og verneomboda skal føretaket sikre tilstrekkeleg bemanning og at medarbeidarane ikkje vert utsette for uheldige fysiske og psykiske belastningar.

### **Tiltak for å sikra tilfredsstillande ferieavvikling**

Dei fleste einingar nyttar årsarbeidsplan for pleiegruppene som planleggingsverktøy. Det betyr at einingane planlegge vakter over 52 veker og kan sikre fleire kjente ressursar på vakt i hovudferieperioden når halvparten av dei tilsette går i ferie. Dette skal bidra til rett bruk kompetanse, kontinuitet og godt arbeidsmiljø også i ferieavviklingsperioden.

Tidleg planlegging og driftsmessige tilpassingar i ferieperioden er vesentleg for å få oversikt over behovet for kompetanse/ressursar. Klinikane tek relativt tidleg avgjerd på eventuelle reduksjonar i drift, stenging av senger/postar, samdrift og optimal fordeling/bruk av ressursar.

I forbindelse med rekruttering av sjukepleiarstudentar på stipendavtale er det tilsett totalt 44 tredje-års studentar i løpet av hausten 2020. Av desse er 34 tilsett i Haugesund, ni tilsett på Stord og ein tilsett ved Odda sjukehus. Det er ei auke på 11 frå fjoråret. I tillegg har einingar tilsett sjukepleiarar direkte via leiar i einingar utan stipendavtale.


HR oppretta og publiserte klinikkvise annonser i november. I tillegg til annonsering har føretaket nytta målretta marknadsføring via sosiale media. Det vart gjennom denne annonseringa/marknadsføringa rekruttert 22 sjukepleiarar. Vidare er det tilsett helsefagarbeidararar, sjukepleiarstudentar og medisinstudentar og LIS1 vikarar. Det var 224 søkjarar til ferievikar LIS1.

Medarbeidarar i redusert stilling har fått auka stillingsprosent, og det er til dels gjort vurderingar/tiltak i høve til oppgåvedeling – dvs. om ein kan nytte anna tilgjengeleg kompetanse til ulike oppgåver.

Det vart denne sommaren vedteke ei kompensasjonsordning som tiltak for å få dekkja opp ledige vakter, særleg på helg, i perioden veke 26-33. Ordninga har som føremål å oppretthalde tilstrekkeleg og forsvarleg bemanning i einingar. Det er ei målsetjing at belastninga på medarbeidarane skal vere minst mogleg, unngå AML-brot samt søke å nytte ordninga for deltidstilsette før tilsette i 100% stilling.

### **Bemanningscenteret**


Bemanningscenteret (BS) har hatt 723 vakter til fordeling i 2021, mot 1363 vakter i 2020. Nedgangen skyldast at dei som vart tilsett i «ny ordning» blei midlertidig tilbakeført til avdeling ved ny arbeidsplan 2021. Bemanningssenteret og leiarane har tett dialog om prosess og fordeling av dei interne ressursane. Bemanningssenteret tilsette i 2021 tre ferievikarar i 75-100% stilling som primært skal nyttast til fastvakter, som det er eit stort behov for i einingar.




*Figur 1: Ressursar frå BS sommaren 2018-2021. Fordelt på klinikkar (Merknad: Felles akuttmottak er organisert under medisinsk klinikk frå 2020. Difor er ikkje medisinsk service- og beredskap med i diagrammet).*

Det har i 2021 vore ei større utfordring å rekruttere sjukepleie-/jordmorkompetanse frå byråa. Dette heng saman med Koronasituasjonen og mindre tilgang til denne kompetansen i Norden.

For å sikre tilgang til kjente vikarar må klinikkane kartlegge behov og gjere bestilling helst før nyttår. I 2021 blei det levert totalt 2490 spesialsjukepleiar/sjukepleiar/jordmorkvakter frå byrå mot 2581 i 2020 .



*Figur 2: Utvikling frå 2017 – 2021: innleige via byrå. Tal vakter i dei ulike klinikkar som er leigd frå byrå*



Figur 3: Samla sjukefråvær januar – august 2021 og samla sjukefråvær koronarelatert januar – august 2021.

## Tilbakemeldingar frå klinikkar/område

### Kirurgisk klinikk

Sommaren 2021 har vore utfordrande. Det har vore mange utskrivingsklare pasientar, der kommunane har hatt utfordring med å ta imot pasientar. Dette har vore krevjande for sengepostane. Generelt er tilbakemeldingar frå sengepostar at pasientane som er innlagt har eit større pleiebehov enn tidlegare. Kirurgisk klinikk har hatt sommar drift som tidlegare år. Det har vore behov for innleie av intensivsjukepleiarar frå byrå. Det har også vore eit stort behov for innleie frå byrå til å dekke opp behovet for jordmødrer på fødeavdelinga. Sommaravtalen har medverka til å få dekk opp ledige vakter.

Forslag til forbetring:

- Ynskje om ei høgare bemanning i sommarperioden og større kapasitet frå bemanningssenteret
- Større kapasitet på personell til fastvakter og dekkje opp for sjukefråvær på kort varsel
- Betre bruk av ressursar på tvers av avdelingar/klinikkar – samordningsmøte/driftsmøte

### Klinikk for medisin Haugesund og Odde

Klinikken kom relativt raskt i gong med planlegging av ferie, og vedtok i budsjettprosess å ikkje ta ned senger i klinikken. Fram mot april var bemanninga rimelig tilfredsstillande på dei fleste sengepostane, men ved inngang til juni blei det vedteke å gå ned med senger på avdeling hemato/endo/infeksjon+nevro og innføre samdrift i tre veker grunna bemanningsutfordringar (fråvær/ledige stillingar). Ved ikkje å kutte senger allereie i budsjett, viser dette seg å vere eit nyttig handlingsrom i ferieavviklinga.

Det var periodevis prekær bemanningssituasjon ved medisinsk intensiv (MIO). Det er sendt bekymringsmelding frå klinikktillitsvalt NSF for situasjonen på MIO i dette tidsrommet. Leiinga ved eininga jobbar med dette, og det er eit prioritert område for klinikken i framtidig budsjettarbeid.

Leiarar hevdar at kompensasjonsavtale var ein vesentleg faktor for at vi stort sett klarte å få til forsvarleg bemanning på sengepostane, og det er eit klart ynskje at denne blir tilgjengeleg sommar 2022, og på eit tidlegare tidspunkt slik at det kan planleggast med dette.

Det vart gjennomført daglege driftsmøter på tvers av klinikk. Deling av personell på tvers av klinikk vart ikkje nytta som i 2020, men møta har stor verdi for koordinering av pasientar og formidling av behov. Det er eit ynskje frå medisinsk klinikk at ansvaret for desse møta gjennom året blir fordelt på fleire sengepostar i sjukehuset.

Legegruppene rapporterer ein ok sommar. Størst utfordring inn mot sommar for LIS på barn, men dette løyste seg ved avtale før ferieavvikling.

Sommarferieavviklinga er generelt ei belastning for tilsette, og også ei stor belastning for leiarar. Spesielt belastande er det for tilsette og leiarar som har sengepostdrift med ØH-plikt. Det er eit uttalt ynskje frå leiarar, at det vert jobba med overordna signal om tre vekers ferie, og eventuelle motivasjonspunkt for avdelingar kor dette er vesentleg for å dekke opp vakter.

Stenging av senger andre stader i føretaket merkast i klinikk for medisin, spesielt er det eit ynskje at tilbodet for rehabiliteringssenger ved Stord er tilgjengeleg også i ferietida.

#### Klinikk Somatikk Stord

Dei to første ferievekene var travle med mange pasientar, litt rolegare i midten, og auka aktivitet dei siste vekene.

Det var ikkje samanslåing slik av medisin 3 og medisin 4 i 2021 slik som i 2020, dette grunna trong for nok tilgjengelege rom for pasientar med smitta/mistanke om smitta Covid-19. Det har vore trong for fleire vikarar enn tidligare grunna fleire sengepostar i drift, fråvær, ledige stillingar og mindre tilgang på vikarar frå byrå. Tidleg i juni var det klart at det var mange udekte vakter, særskilt jordmødrer, spesialsjukepleiarar på intensiv, men også utfordringar i akuttmottak og sengepostane.

Tiltaket med sommaravtalen gjorde at mange av dei ledige vaktene vart dekkja. I tillegg hadde ein del av personalet frivillig avvikling av tre veker sommarferie. Tilbakemelding frå avdelingane er unison; sommaravtalen gjorde det lettare å få folk til å strekke seg og ta ledige vakter. Det har likevel vore stor bruk av vikarbyrå, grunna færre søkjarar til ferievikariat og koronasituasjonen. .

Godt samarbeid på tvers av avdelingane har også vore medverkande til å få ei rimelig grei ferieavvikling. Tilbakemelding på at tiltak som kapasitetsmøter er nyttige. God informasjon frå leiinga gir auka forståing for utfordringar ein står i.

#### Forslag til forbetring

- Tidleg avklaring av føringar knytt til ferieavviklinga, samt tilgjenge på vikarar internt og frå byrå
- Vidareføre avtale om sommarkompensasjon
- Avklare ferieuttak - 3 veker og 4 veker anna kvart år – i dialog med tillitsvalde og verneombod

### Klinikk for medisinske tenester og beredskap

Klinikk for medisinske tenester og beredskap har i utgangspunktet hatt ein godt planlagt sommarferieavvikling for 2021 og har ved fleire av avdelingane rekruttert inn tilstrekkeleg kompetent personell.

Det har vore utfordringar knytt til både ulik belastning i klinikken på bakgrunn av både pandemi og førebuingar til innflytting i nytt bygg i Haugesund. Dette har medført at enkelte avdelingar har hatt ei ytterlegare belastning, som har ført til at avvikling av denne ferieavviklinga ikkje har vore normal. Avdeling for laboratoriemedisin har drive ordinær drift i gamle lokale gjennom sommaren, samtidig som det har vore betydeleg og kontinuerleg arbeid i nytt areal for å nå innflyttingsdato. Dette i tillegg til ordinær drift. Vidare har det vore utfordringar i drifta knytt til ordinær sjukdom og redusert tilgang på vikarar som følge av restriksjonar i samfunnet. Faktorar som nemnd over har i stor grad belasta aktiviteten til alle avdelingane i klinikken og sommaravviklinga har vore ekstraordinær. Tilgangen på kompetent personell, på kort sikt under ferieavvikling på grunn av sjukdom, har vore utfordrande å handtere.

Forslag til forbetring:

- Ta læring frå pandemi og bygg 2020 og at dette ikkje har vore ein normal sommarferieavvikling

### Klinikk for psykisk helsevern

Ferieavviklinga i klinikk for psykisk helsevern har jamt over fungert tilfredsstillande. Klinikken har hatt tidleg og god prosess i høve planlegging, god samhandling med tillitsvalde/vernetenesta, tidleg avklart driftsomfang og samordning, inkludert samhandling mellom einingar. Klinikken har hatt todelt ferieperiode i hovudferien både i poliklinikk og døgnpostar. Inndelinga vert evaluert positivt og har i all hovudsak fungert bra.

Driftsomfang og evt. samordning tidleg avklart i avdelingsleiarmøte i samband med budsjettprosess. Med unntak av mindre enkeltepisodar har samordning fungert bra. Periodar med høgt sjukefråvær i enkelte avdelingar har medført høg belastning på personell og auka overtidsbruk. Trass betre samhandling mellom einingar kan det vere forbetningspotensial her.

Spesialisert behandling Haugesund melder om god pasientflyt, men har mot slutten av ferieperioden hatt vanskar med høgt sjukefråvær og vakante stillingar.

Stord DPS har i ein periode mangla fast personell for medikamentkontroll i LAR-utdeling (legemiddelassistert rehabilitering). Dette vart løyst via personell frå døgnavdelinga. Noko manglande fleksibilitet i TSB/LAR med tanke på ivaretaking av pasientlaup parallelt med LAR-utdeling. Styrka bemanning kan vere aktuelt ved neste års ferieavvikling.

Helseføretaket si innføring av «sommaravtale» for sjukepleiarar skapte ein del uro blant andre yrkesgrupper i døgnpleie og resulterte i at det vart vanskelegare å få desse til å ta ekstravakter ved behov. Ettersom klinikken i utgangspunktet hadde god planlegging av ferie med få ledige vakter, medførte ordninga ein betydeleg dyrare drift enn planlagt.

Tiltak som har hatt særlig effekt/nytteverdi: Tidleg planleggingsstart. Samordning med årsplanarbeid og budsjettprosess. Tidleg planlegging muliggjer betre involvering av medarbeidarar, og betre tilrettelegging av ferieavviklinga. Tidlegare og betre rekrutteringsgrunnlag.

Forslag til forbedring:

- Tidlegare avklaringar av ferieavviklinga for legegruppa ved enkelte avdelingar samt tydelegare styring av evt. avspasering i sommarperioden
- Framleis forbedringspotensial i samordning av drift og kapasitet, driftsmøte på tvers av einingar

#### Driftsområdet

Området tilbakemeldar at sommarferieavvikling i all hovudsak har blitt avvikla utan dei store utfordringane. Av områdets sju avdelingar er det berre Matforsyning Hgsd som rapporterer om ein krevjande ferieperiode. Dei har hatt eit stort langtidssjukefråvær. Dette førte til ein del endringar og bruk av overtid i periodar og dei tilsette rapporterer at dei opplevde ferieperioden som travel. God søkarmasse til ferievikariat har resultert i stabile og flinke vikarar.

Forslag til forbedring

- Tidleg informasjon til aktuelle einingar om postar klinikken vil stengje om sommaren, av omsyn til planlegging

#### **Tilbakemeldingar frå tillitsvalde og verneombod**

##### Fagforbundet

«Sommaravtalen førte til uro og klage på urettferdighet frå medlemmer angående avtalen som berre omfatta utvalde tilsette. Det skapte støy i arbeidsmiljøet og følelse av mindrever eller ikkje sett pris på. Ein meiner ein «alltid» har stilt opp og gitt ekstra om sommaren for å hjelpe til med sommaravviklinga, urettferdig at berre nokre tilsette får lønnskompensasjon.

Valen: Manglande involvering av tillitsvalde for gjennomgang / status av sommarplanane. Tilsette har vore redde for eigen og andre sin sikkerheit. Det er ein del AML-brot i turnus og planlagt overtid.

Stord: Frustrasjon med tanke på «sommaravtalen». Det har generelt vore ein travel sommar på medisin 3 og medisin 4. Fulle avdelingar og periodar med svært krevjande pasientbelegg. Mykje innleie frå vikarbyrå. Fleire av dei tilsette har hatt lange eller «dobbelvakter».

Haugesund: lite bruk av og utlysing av sommarvikarar for dei merkantile. Forskjellsbehandling mellom yrkesgrupper i forbindelse med «sommaravtalen».

Forslag til forbedring :

- Føretakstillitsvalde/Klinikktiltitsvalde/plasstillitsvalde bør i større grad bli involvert i forkant av sommaren med tanke på fordeling av ressursar og status
- «Sommaravtale» må drøftast med tillitsvalde og vernetenesta.

##### Delta

Det vert meldt tilbake høg aktivitet i ferieperioden og bruk av overtid ved fleire einingar. Tilsette har blitt spurt om å avbryte ferie for å dekke opp for sjukefråvær. Brot på vernebestemmelsar i ambulansetenesta grunna travle vakter.

### Norsk Sjukepleiarforbund

Fordeling av ferie har fleire stader ikkje tatt omsyn til kompetanse, og i klinikk for psykisk helsevern på Valen blei det mellom anna skeivfordeling i forhold til kvinner og menn. Det førte til utryggleik. Det har fleire stader vore utfordringar med å få dekkja sjukepleiarkompetanse.

Det har generelt vore for lite vikarar på krevjande postar, som har ført til mykje overtid blant sjukepleiarar fleire stader i føretaket og brot på AML.

Forslag til forbetring:

- Meir involvering både lokalt og overordna når det gjeld organisering av ferieavviklinga
- Ein eigen ROS-analyse av ferien hadde vore nyttig både i ferieperioden, under evaluering og for neste års planlegging

### NITO

Dette året har ferieavviklinga ved laboratoria og tekniske einingar vore prega av unntakstilstand grunna innflytting i nye lokale og innkøyring/start av mange nye tekniske instrument og installasjonar, parallelt med «normal» drift.

Det vart etterspurt, men i for liten grad planlagt ekstra bemanning knytt til dei mange store oppgåvene. Krevjande drift og tidvis svært stort forbruk av overtid.

### **Verneomboda**

Klinikk somatikk Stord - Medisin 4 hadde elleve danske vikarar, noko som var utfordrande både iht. språk og oppgåver. Mykje overbelegg. Føde/Gyn hadde travle periodar med overbelegg.

Kirurgisk klinikk – Travle periodar og utfordrande å få dekke vakter grunna sjukdom/korttidsfråvær.

Føde/barsel/ gyn. – fråvær og krevjande med mange vikarar

Medisinsk klinikk - I år har det ikkje vore verre enn forventa for dei fleste, men hjarte/MIO hadde større utfordringar med å dekke opp vakter/bemanning. Dette har ført til doble vakter og AML-brot, samt at nokre avslutta ferien og kom tilbake på jobb. Også andre avdelingar har opplevd stor belastning på egne, erfarne tilsette. Sommaravtalen har hjulpet for å få dekt ledige vakter med egne tilsette, men kunne med fordel kome på plass tidlegare for å få betre planlegginga.

Klinikk for psykisk helsevern og rus - Ferien gjekk nokolunde bra. God prosess i forkant.

Kompensasjonsordning for sjukepleiarar skapte utfordringar, fleire yrkesgrupper tok ikkje ekstravakter, som protest mot ordninga. Dette, saman med sjukdom medførte utfordringar med å få dekt vakter fleire stadar i klinikken. Brukt ein del overtid, og ein del tilsette er slitne som følge av dette.

Medisinske tenester og beredskap - Har stort sett gått greitt, men Mikrobiologi i Haugesund har hatt mykje overtid og AML-brot. Travelt på laboratoriet i Odda.